

Lindås Kommune
Kulturavdelinga
5914 Isdalstø

25.november 2016

Søknad om tilskot.Kulturmidlar. Lindåsparken

Som De veit, er Lindåsparken dugnadsprosjekt som vart opna av fylkesmann Svein Alsaker i august 2002

Parken har i alle år etterpå vore vyrdsla av VANGSGUTANE, (Dugnadsgjengen), som er Audun Fanebust, Kjell Hauge, Sigbjørn Tenjum, Hans Jakob Låstad Lygre, Håvard Fanebust, og Karstein Stene.


Parken er heldig som har vore friteken av rampestreker, men i det siste har det vore utført hærverk i parken, ved at lysarrangement er øydelagde, noko ein vel må mistenkja ungdomar for, nokre som skal visa seg ved å ramponera det som privatpersonar og offentlege institusjonar har sett si æra i å byggja og vedlikehalda til glede for godtfolk.

Vangsgutane vil ordna opp i dette ved å kjøpa inn nytt lysarrangement, og få erstatta det som er ramponert.

Pr i dag veit me ikkje kva dette vil kosta, men fagfolk går ut frå at dette arbeid kan koma til å ha kostnad på Kr. 15.000.-

Vangsgutane tillet seg å søkja om tilskot Kr. 15.000.- til arbeidet, eller den sum som Kulturavdelinga vil finna at den kan yta, og me er klår over at slik tildeling først vil kunna skje våren 2017

Med venleg helsing på vegne av Vangsgutane



Karstein Stene



